

Rettleiing til utfylling av KOSTRA skjema 7 (SSB7)

Personell og verksemd i sosiale tenester i NAV og rusmiddeltiltak per 31. desember 2022

Det skal fyllast ut eitt skjema for kvar kommune. For Oslo skal det og fyllast ut eit skjema for kvar bydel, samt eit for dei overgripande stillingane.

Kontakt: sosialhjelp@ssb.no

For meir informasjon om KOSTRA: www.ssb.no/kostra/

Del 1. Opplysninger om kommunen

Kommunennummer

Feltet er obligatorisk.

Her skal ein registrera det firesifra kommunenummeret for den kommunen sosial-/NAV-kontoret er lokalisert i.

Bydelsnummer

Her skal kommunar med bydelar registrera det tosifra bydelsnummeret. Det er viktig at det her **ikkje** vert registrert distriktsnummer, berre bydelsnummeret.

Ansvarleg for innhaldet i skjemaet

Feltet er obligatorisk.

Her ein registrera fullt namn på personen som står ansvarleg for utfylling og innhald i skjemaet, og som er den som skal kontaktast dersom Statistisk sentralbyrå har spørsmål eller merknader til registreringa av skjemaet.

E-postadresse, skjemaansvarleg

Her skal ein registrera den personlege e-postadressa til personen som står ansvarleg for utfylling og innhald i skjemaet – helst same person som under Ansvarleg for innhaldet i skjemaet.

Telefon

Her skal ein registrera telefonnummeret til den personen som står ansvarleg for utfylling og innhald i skjemaet – helst same person som for dei to felta over.

Del 2. Årsverk etter utdanning og stillingsomfang

Årsverka som blir førte på funksjon 243, må felle saman med føringa av i rekneskapen av kontoret sitt personell. Når det gjeld rapporteringa av rekneskapen på funksjon 243, sjå rettleiaren som er gjeve ut av Kommunal- og moderniseringsdepartementet. www.kmd.dep.no

Det er i KOSTRA tiltaket/verksemda sitt faglege innhald, og ikkje den organisatoriske plasseringa, som avgjer plasseringa av funksjonen. Også årsverk til funksjon 243 som vert utført utanfor NAV-kontoret, skal difor vera med. Både heiltidstilsette og deltidstilsette, fagpersonell, kontorpersonell og administrativt personell skal registrerast. For utskilling av

overordna administrativt personell (som høyrer til under funksjon 120) gjeld dei generelle KOSTRA-reglane. Deltidstilsette skal reknast om til heiltidstilsette. I samband med vikariat er det vikaren si utdanning som ein skal registrera og, ikkje utdanninga til den som er i permisjon. Prosjektstillingar og mellombelse stillingar skal også rapporterast.

Når det gjelder tenesterapportering for interkommunale ordningar skal kvar kommune føre opp sin del av personellet som vert omfatta av ordninga.

Tilsette skal registrerast etter stillingsomfang og ei heil stilling registrerast med tallene 1,0, og ei halv stilling med tala 0,5 osv. Dette betyr at tilsette som deler sin arbeidsinnsats mellom to eller fleire funksjonar skal få registrert den stillingsandel som går med til funksjon 243 i dette skjema. Eksempel; dersom 80 prosent (0,8) av ei stilling er knytt til funksjonen 243 og 20 prosent (0,2) av stillinga er knytt til ein annan funksjon, skal ein registrera 0,8 på funksjon 243. Krava til fordeling av årsverk svarar til det som er meint for rekneskapen når det gjeld lønnsfordeling, jamnfør brev frå Kommunal- og regionaldepartementet 6. oktober 2000.

243: Tilbod til personar med rusproblem

Stillingar med ansvar for oppfølging av rusavhengige. Kommunale behandlingstiltak for rusavhengige, samt direkte klientretta verksemd i utekontakta. Tilsette i klientretta verksemd i utekontakta skal (i tråd med KOSTRA sitt generelle prinsipp) også føres på funksjon 243. Dette er uavhengig av kva etat i kommunen som organisatorisk har ansvar for tenesta. Førebyggjande rusmiddelarbeid høyrer derimot under funksjon 242b. Årsverk knytt til heimetenesta høyrer under funksjon 254 Helse- og omsorgstenester til heimebuarar. For rusavhengige som bur i eigen eller kommunalt tildelt bustad ("heimebuarar"), høyrer tiltak som fell inn under heimesjukepleia, praktisk bistand eller avlastning registrerast under funksjon 254, og støttekontakt under funksjon 234.

Gje opp talet på årsverk knytt til økonomisk rådgiving på nivå II (midlertidige betalingsvanskar) og III (varige betalingsvanskar) per 31.12.2022

For rettleiing, sjå:

<https://www.nav.no/no/NAV+og+samfunn/Samarbeid/For+kommunen/Relatert+informasjon/Veileder+til+bruk+ved+%C3%B8konomisk+r%C3%A5dgivning.355894.cms>

Del 3. Tilleggsspørsmål

For spørsmål 1 skal kommunen gje opp vedtak dei har fatta om mellombels tiltak til rusavhengige i påvente av spesialisert behandling (helse- og omsorgstenestelova § 3-2 nr. 1 til nr. 6).

For spørsmål 2 skal kommunen gje opp talet på vedtak dei har fatta om heildøgns bu-/omsorgstiltak som vert kjøpt av aktørar utanfor kommunen til rusavhengige.

For spørsmål 3 skal kommunen gje opp talet på saker der det er gitt økonomisk rådgiving på nivå II (mellombelse betalingsvanskar) eller III (varige betalingsvanskar) til personar som *ikkje* mottek økonomisk sosialhjelp. For rettleiing, sjå: <https://www.nav.no/no/NAV+og+samfunn/Samarbeid/For+kommunen/Relatert+informasjon/Veileder+til+bruk+ved+%C3%B8konomisk+r%C3%A5dgivning.355894.cms>

For spørsmål 4, kommunal og statleg ressursinnsats på kvarandre sitt ansvarsområde, viser vi til rettleiing på sjølve skjemaet.

I spørsmål 5 skal ein svara ja eller nei på om kommunen har eige ungdomsteam/-koordinator.

I spørsmål 6 skal ein svara ja eller nei på om kommunen i løpet av 2022 har utbetalt livsopphaldsytinger til flyktningar **etter kommunalt reglement**. Om det svarast ja, gje også opp det beløpet som er utbetalt.